



Odda kommune
Oppheimsgata 31
5750 Odda

Rapport frå tilsyn på avløpsanlegg 23. mai 2014

Rapportnummer: 2014.043.I.FMHO

Kontaktperson ved tilsynet:

Frå verksemda:
Torstein Backer-Owe
Gunnvor Dagestad
Olav Seim
Leif Tore Johansen

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Sissel Storebø
Britt Solheim

Resultat frå tilsynet

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå tilsynet. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 4 avvik og har gitt 2 merknad under tilsynet.

Avvika og merknadene er nærare omtalt frå side 3 og utover i rapporten.

Odda kommune må innan **1. oktober 2014** sende ei skriftleg tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvika er retta og/eller ein tidfesta plan for korleis retting av avvika skal gjennomførast.

Sissel Storebø e.f.
senioringeniør

Britt Solheim
senioringeniør

Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

1. Informasjon om verksemda

Namn: Odde kommune	Anleggsnr: 1228.0052.01
Besøksadresse: Opheimsgata 31, 5750 Odde	
Postadresse: Opheimsgata 31, 5750 Odde	
E-post: post@odde.kommune.no	Telefon: 53654634
Kommune: Odde	Organisasjonsnr: 964967814
Bransjenr. (NACE-kode): 84.110	Eigar (org.nr.): 964967814
Løyve sist oppdatert: 13.06.2008	Risikoklasse: 3

2. Bakgrunnen for tilsynet

Tilsynet var del av ein landsdekkande aksjon for å kontrollera om kommunane held miljøkrava til avløpsanlegga og om kommunane førebur seg godt nok på forventa klimaeffektar som til dømes auke nedbørmengde. Aksjonen er ei oppfølging av aksjonane som vart gjennomført i 2008 og 2010.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- mål og strategi for avløpssektoren
- handlingsplanar/saneringsplanar
- klimaendringar og klimatilpassing
- overløp
- leiingsnett
- akkreditert prøvetaking
- etterleving av reinsekrav
- driftsstabilitet i reinseanlegg
- risikovurdering av avløpsanlegget
- framdrift for stetting av reinsekrav gjeve i løyvet datert 13. juni 2008

3. Oppfølging etter tilsynet

Kommunen pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan **1. oktober 2014** sende ei skriftleg tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvika er retta og/eller ein tidfesta plan for korleis retting av avvik skal gjennomførast.

Varsel om tvangsmulkt

Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon som nemnt ovanfor innan **1. oktober 2014**, vil Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Vedtaket vil gå ut på at ein tvangsmulkt blir gitt dersom Fylkesmannen ikkje har motteke dokumentasjon som nemnt ovanfor innan 4 veker etter at vedtaket om tvangsmulkt vart fatta. Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på 50 000 kroner.

Kommunen kan kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 16.

4. Kontrollgebyr

Fylkesmannen varsla i e-post 15. mai 2014 at Odda kommune skal betale gebyr for tilsynet, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 3. Dette betyr at de skal betale 12 000 kroner for det gjennomførte tilsynet. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet. Fastsetjing av gebyrstørrelse er ikkje eit enkeltvedtak med klagerett.

5. Offentleggjing

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på www.fylkesmannen.no/hordaland, jf. offentleglova.

6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta kapittel 11
- forureiningsforskrifta kapittel 14
- internkontrollforskrifta
- dokumentasjon tilsendt Fylkesmannen i samband med tilsynet
- løyvet av 13. juni 2008

Informasjon om regelverket finn de på www.miljodirektoratet.no, www.miljokommune.no og www.regelhjelp.no.

Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrolllova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernmyndigheitene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under tilsynet:

Avvik 1 Handlingsplan og saneringsplan for avløpsanlegget er ikkje tilfredsstillande

Avvik frå Vilkår i løyvet
Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6 (risiko, planar og tiltak)
Internkontrollforskrifta § 5 punkt 7 (førebyggje lovbrøt)

Kommentar

Saneringsplanen inngår i Kommunedelplan for avløp 2011- 2022. Handlingsplanen i planen blir ikkje gjennomført i samsvar med vedteken framdriftsplan.

Kommunedelplanen som skal gjelde frå 2011 til 2022 blei vedtatt i kommunestyret 22. juni 2011. Handlingsplanen på side 100 er ikkje oppdatert etter dette. I handlingsplanen står at arbeidet med sanering av Løyning- Torekoven skal være klart i 2012. Ved tilsynet blei det opplyst at dette arbeidet

ikkje vil vere ferdigstilt før om 4 år. Dette gjelder blant anna også utbygging av leidningsanlegg for Smørtjønnsmoen- Torekoven som ikkje er bygd, men som også står oppført med at dei skulle gjerast ferdig i 2011. Reservestrømsaggregat til Håra RA og Seljestad RA skulle vore kjøpt inn i 2012. Dei er ikkje på plass i anlegga i dag.

Avvik 2 Anleggseigar har ikkje gjort tilstrekkelege førebuingar for å tilpasse avløpsanlegget til framtidige klimaendringar

Avvik frå Krav i løyvet
Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6 (risikovurdering)
Internkontrollforskrifta § 5 punkt 7 (førebyggje lovbrøt)

Kommentar

Odda kommune kunne ikkje dokumentere at dei har undersøkt korleis avløpsanlegga vil bli påverka med omsyn til framtidige klimaendringar.

Det er ikkje gjort vurderingar eller utrekningar av kva for konsekvensar og verknader forventa framtidige nedbørsmengder vil ha på avløpsnett. (Nedbørsprogner er ikkje omsett til verknader på avløpsnett ved modellutrekningar eller ved andre vurderingar). Det er ikkje gjennomført tiltak eller vedteke planar for å hindre at overvatn kjem inn på avløpsnett. Konkrete planar for korleis framtidige auka vassmengder på nettet skal handterast manglar også.

Det er ikkje gjort vurderingar eller utrekningar av kva for konsekvensar og verknader forventa framtidige nedbørsmengder vil ha på avløpsnett. (Nedbørsprogner er ikkje omsett til verknader på avløpsnett ved modellutrekningar eller ved andre vurderingar).

Avvik 3 Overløp av uønskt avløpsvatn vert ikkje handtert tilfredsstillande

Avvik frå Forureiningsforskrifta § 14-5 Avløpsnett
Internkontrollforskrifta § 5 2. ledd punkt 7

Kommentarar

Skriftlege rutinar for drift og vedlikehald av overløp er ikkje etablert i tilstrekkeleg omfang. Driftsrutinar for avløp er registrert i ”Kvalitetssikringsmanual for drift av leidningsanlegg for avløp”. Denne er datert 21. januar 1997 og må oppdaterast.

Det er ikkje utarbeid skriftlege rutinar for handtering av overvatn.

Avvik 4 Kommunen overheldt ikkje reinsekrava for utslepp til vatn i 2013

Avvik frå Utsleppskrav sett i løyvet, punkt 2.6
Internkontrollforskrifta § 5 2. ledd punkt 7 (førebyggje lovbrøt)

Kommentarar

Kommunen kan ikkje dokumentere at dei held reinsekrava. Grunnlaget for utrekning for å overhalde utsleppskrava er feil. Overløp i reinseanlegga blir ikkje teke med i utrekninga av reinsegrad og utsleppsmengder frå avløpsanlegga.

Punkt 2. 6 Prøvetaking i løyvet seier at dersom utløpsvatnet er lokalisert slik at prøven ikkje inkluderer avløpsvatn som går i overløp i eller ved reinseanlegget, skal overløpsbidraget målast, registrerast og reknast med i reinsegraden.

8. Merknader

Vi har gitt følgjande merknader under tilsynet:

Merknad 1 Varierende vassmengder som vert tilført anlegga gjev problem med reinseprosessen

Kommentarar

Det blei opplyst at det til tider kan oppstå problem med ustabile tilhøve med varierende tilførsel av vatn til anlegga, som igjen kan føre til problem med reinseprosessen. Det blei også opplyst at vassglass, natriumsilikat Na_2SiO_3 , frå vassbehandlingsanlegg vert sleppe ut i anlegget. Dette fører til problem med for høg pH-verdi i avløpsvatnet inn på anlegga.

Merknad 2 Akkreditert prøvetaking er ikkje innført ved avløpsanlegga

Kommentarar

Akkreditert prøvetaking er ikkje implementert. Odda kommune har ikkje søkt Fylkesmannen om dispensasjon eller utsett frist for gjennomføring av akkreditert prøvetaking.

Kommunen opplyser at sjølv om avløpsanlegga er nye, har dei hatt problem med å få tatt representative prøver av avløpsvatnet. Anlegga er i dag oppjusterte, men kommunen ventar på at driftsassistansen DIHVA skal ha ledig kapasitet til å starte prosessen med akkreditert prøvetaking.